



Aukra 3.7.2013

NOU 2013: 1 Det Livssyns åpne samfunn

Aukra kyrkjelege fellelråd/sokneråd er positiv til utredninga sitt ønske om ei overordna vurdering av trus- og livssynspolitikken i Noreg.

Grunnlovsendinga i 2013 vil på ein naturleg måte aktualisere ein gjennomgang av dei juridiske, økonomiske og øvrige rammene for trus- og livssyn for kyrkja, både nasjonalt og lokalt.

Dei åtte prinsippa som utvalet viser til i meldinga peikar på grunnleggjande verdiar som vi kan gje vår tilslutning til.

«Eit livssynsøpe samfunn»

Det er eit godt teikn at utredninga gjennomgåande nyttar uttrykket «eit livssynsøpe samfunn» i staden for å referere til «eit livssynsnøytralt samfunn». Dette syner at ein anerkjenner tru og livssyn som ein integreert og naturleg del av dei norske innbyggjarane sine liv.

Aukra kyrkjelege fellelråd/sokneråd er og positive til at det i mandatet til utreiinga er vektlagt at staten kan føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk.

Aukra kyrkjelege fellelråd/sokneråd saknar tidvis ein meir open definisjon av religion i utredninga, som ikkje berre er avgrensa til ei statisk forståing av institusjonalisert tru og praktisering av livssyn.

Å vurdere tru og livssyn berre som uttrykk og haldningar til sentrale etiske spørsmål, gjer at ein ikkje famnar om dei religiøse uttrykka i tradisjonar, høgtids- og årsmarkeringar, kunst, bygningar, opplevingar, identitet og rituale.

Her kan Enger-utvalet (NOU 2013:4 Kulturutredninga 2014) sine merknadar om kyrkja sin rolle i det norske samfunnet vere med på å balansere perspektivet til utvalet på ein fin måte.

Gravferdsforvaltning:

Aukra kyrkjelege fellelråd/sokneråd ønskjer ikkje at ansvaret for gravferdsforvaltninga skal bli overført til kommunen, slik som det blir lagt fram forslag om i kapittel 18.

NOU 2013:1 viser til at kyrkja til no har forvalta ansvaret som gravferdsmynde for andre trus- og livssyn på ein svært god måte. Det er og vist til at dei kyrkjelege fellelråda framleis skal ivareta oppgåvene som tilhøyrar det offentlege gravferdsansvaret i samband med endringar i gravferdslova (2011) og kyrkjeforliket (2008). Vi ønskjer at ordninga held fram slik den er i dag.

Økonomi

Utvalet sine drøftingar om framtida vektlegg likebehandling på ein måte som inneber omfattande endringar for finansiering og drift av Den norske kyrkja. Utvalet foreslår mellom anna at dagens kommunale finansieringsansvar for kyrkjelege formål erstattas av ei felles statleg tilskuddsordning på nasjonalt nivå for alle til alle trus- og livssynssamfunn. Aukra kyrkjelege fellesråd/sokneråd ønskjer at denne typen endringar eventuelt bør gjennomførast på grunnlag av ei meir utvida tilnærming enn det som omtalast i denne utredninga. Moment som kulturarven, kulturminna, kyrkjedemokratiet, lokaldemokratiet og dei oppgåvene Den norske kyrkja forvaltar på vegne av det norske samfunnet må gjerast betre greie for.

Den Norske Kyrkja har litt i overkant av 1600 kyrkjebygg, inkludert vår eiga åttekantkyrkje frå 1835. Av desse kyrkjene er i underkant av 1000 kyrkjer anten freda eller har fått status som verneverdige. Å ivareta den kulturhistoriske verdien til kyrkjene i Norge ønskjer vi framleis skal vere eit nasjonalt ansvar, og at staten tek eit særskilt ansvar for kyrkjebygga og i framtida.

Viselsmynde

Aukra kyrkjelege fellesråd/sokneråd ønskjer at viglesordninga skal halde fram slik den er i dag. Dagens ordning tek vare på alle dei omsyna Stålsett-utvalet set fokus på i dei 8 innleiande punkta.